



Klima- og miljødepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

## Høring om oppheving av vannscooterforskrifta

### Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet har sendt på høring forslag om å oppheve forskrift (21.juni 2013 nr.701) om bruk av vannscooter og liknadene på høring. Ei oppheving av forskrifta vil innebere at det ikkje lenger finst ei nasjonalt fastsett særregulering for bruk av vannscooter, men dei generelle reglane for bruk av fartøy vil fremdeles gjelde for bruk av vannscooter. Forslaget inneber at kommunane blir gitt ansvaret for å regulere bruken av vannscooter i samheng med regulering av andre fartøy slik at de lokale interessene blir ivaretatt. Det blir vist til at andre lovverk som hamne- og farvasslova og motorferdsellova gir kommunen moglegheit til å regulere bruken av vannscooterar og øvrige fartøy etter lokale vurderingar.

### Vurdering

Gjeldande forskrift frå 2013 kom som ein følge av at det generelle forbodet mot vannscooter vart oppheva. Regelverket i dag har m.a. forbodsbelte på 400 m frå land, i verneområde og i eit heildekkande belte på 400 m frå alle verneområde. Forbodsbeltet gjeld også rundt alle holmar og skjer som er større enn 200 m<sup>2</sup>. I ferskvatn er forbodsbeltet 500 m frå land. I forbodsbelta er det lov til transportkøyring saktare enn 5 knop og med stø kurs for å kome seg ut og forbi forbodsbelta. Transportkøyringa skal i utgangspunktet skje i farlei. All køyring er uansett forbode i verneområde, elvestrekningar og innanfor oppmerka badeområde.

Ved ei oppheving av forskrifta vil vannscooter likestillast med øvrige fritidsbåtar. Det opnar også for bruk av vannscooter på vatn større enn 2 km<sup>2</sup>. Forslaget opnar også for meir vannscooterkøyring i høg fart nær land enn det som er lov innanfor dagens regelverk. Fylkesmannen kan sjå at forskrifta frå 2013 har fleire svakheiter og kan i enkelte tilfelle vere vanskeleg å handheve. Som føresett ved lovendringa i 2013 gjennomførte Vista Analyse ei evaluering av vannscooterregelverket hausten 2014. Her går det fram at gjeldande regelverk tek vare på omsynet til natur- og friluftinteressene. Vidare blir det konkludert med at dei sikkerheitsmessige sidene ved bruk av vannscooter ikkje er godt nok tatt vare på og at brukarar og publikum finn regelverket vanskeleg å nytte i praksis.

Fylkesmannen viser til at Miljødirektoratet i 2015 ga ei fagleg tilråding til KLD om korleis rapporten til Vista Analyse bør følgjast opp. Direktoratet tilrår m.a. at hovudprinsippa i gjeldande regelverk blir vidareført og at det førebels ikkje blir gjort endringar i reglane om forbodsområde. Vi registrerer at dette ikkje er tatt omsyn til i endringsforslaget. Miljødirektoratet foreslår også at det bør innførast registreringsplikt for vannscooterar og at det blir heldt informasjons- og haldningskampanjar.

Forbodssona i gjeldande regelverk tar sikte på minst mogleg forstyrring av verneområde, støy og ferdsel i folks nærmiljø, viktige friluftsområde og sårbare område for fugle- og dyrelivet. Ein vannscooter kan køyre i grunne farvatn og kan halde høg fart i slike område. Ei oppheving av forskrifta vil derfor kunne auke konflikta mellom menneskeleg aktivitet og dyre- og fuglelivet. Fylkesmannen finn det vanskeleg å kunne tilrå eit høyringsforslag som m.a. vil kunne føre til større press på viktige område for sjøfugl, der mange artar allereie er svært utsett, og auka konfliktnivå med anna sjøbasert friluftsliv (støy og høg fart). Etter regelverksendringa i 2013 auka salet av vannscooterar. Det er sannsynleg at salet vil auke meir ved oppheving av forskrifta og dermed ytterlegare auke konfliktnivået.

Forslaget inneber at kommunane får ansvaret for eventuelt å regulere bruken av vannscooter etter andre lovverk. Slik vi forstår kan ein ikkje skilje mellom vannscootertrafikk og annan båttrafikk. Slike reguleringar vil derfor ramme all båttrafikk. Vi ser det også som uheldig dersom regelverket vil vere forskjellig frå kommune til kommune.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil ikkje tilrå at gjeldande forskrift om bruk av vannscooter og liknande blir oppheva. Ved ein eventuell revisjon av forskrifta må tilhøvet til naturmangfald, friluftsliv og nærmiljø ha høgste prioritet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Linda Aaram  
miljøverndirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*